



PLOT Arkitekter v/Stine Skjevik Thomassen

Vår referanse
25/1533 25/7125

Din referanse

Sakshandsamar
Heidi Istad

Dato
06.05.2025

Referat fra oppstartsmøtet - Detaljregulering for Urbakkfoten endring

REFERAT FRÅ OPPSTARTMØTE

Namn og planident til planen	Urbakkfoten endring 2025001
Møtedato	30.04.2025
Møtedeltakarar	Plankonsulent: Stine Skjevik Thomassen frå Plot-Arkitekter. Forslagsstillar: Kjetil Årøen (Volda kommune) Vatn og avløp: Lars Fjærvoll. Veg og Park: Edvin Løfoll. Utvikling: Heidi Istad.
GNR/BNR	18 / 437
Føremålet til planen	Legge til rette for bustader med frittliggende småhus og nokre eigendommar med konsentrert bustad med tilhøyrande infrastruktur. Utvide planområdet slik at skogen ovanfor byggefeltet vert sikra som sikring mot snøskred. Innarbeide gitte dispensasjonar og behov for endringar som følgje av igangsett utbygging.

Planføresetnader

Gjeldande plangrunnlag for området

Områderegulering	Områderegulering for Urbakkfoten, planid 2014004.
Detaljregulering	
Reguleringsendring	

(namn og dato vert oppgitt)

Kommuneplanen sin arealdel	
Kommunedelplan	Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune. Kommunedelplan for Volda sentrum med Mork/Furene og Vikebygda er gjeldande for planområdet er oppheva og tekst i planinitiativet må endrast.
Reguleringsplan	
Andre føringar (statlege, regionale og kommunale)	
Pågående planarbeid	Detaljregulering for utviding av Kleppevegen. Planarbeidet er stoppa opp som følgje av manglende prioritering i budsjett og økonomiplan.

Plantype

Avgrensinga til planen

Planen vil erstatta fylgjande planar i heilskapen sin	Områderegulering for Urbakkfoten, planid 2014004.
Planen vil erstatta delar av følgjande planar	
Volda kommune vil vurdera om planen skal inkludera evt. uregulerte områder	Planen skal inkludere LNF-areal ovanfor tidlegare regulerte område for å kunne sikre skogen som har funksjon som snøskredsikring.

Planendring

Ynskte endringar i høve til gjeldande planar; Hovudføremål	Arealet som inngår i utvida planområde skal settast av til arealformål i samsvar med KDP. Omsynssoner fra KDP må vidareførast.
Ynskte endringar i høve til gjeldande planar; Andre føremål	Sjå planinitiativet pkt. a)

Viktige utgreiingsbehov

Planfaglege vurderingar	<p>Utvide planavgrensing mot nord i samsvar med øvre teiggrense.</p> <p>Må ta inn føresegn om blågrøn-faktor og overvatn i samsvar med føringar i arealstrategiane i Samfunnsdelen.</p> <p>Skal vurdere å slå saman BKS 3, 1 og BFS15 til eit konsentrert utbyggingsområde. O_SKV4 kan takast ut som veg, det er nok å berre vise avkøyrselen. Krav om nærliekeplass m.v. skal vidareførast. Må ha krav om at det skal vere ein passasje for allmenta for tilkomst til o_GF4.</p> <p>Avfallsløysing – det er ønskjeleg med felles nedgrave avfallsløysing. Dette må avklarast med VØR, og det må ev. settast av areal til felles løysing.</p> <p>Rydde opp i rekkjefølgjekrav knytt til leikeplassar og vegar m.v. slik at ein ikkje må bygge ut alt samtidig.</p> <p>Sjå elles punktlista i planinitiativet.</p>
Jordvern- og landbruksfaglige vurderingar	Skogen skal regulerast i samsvar med KDP – må sikre i planen at det kan drivast skogbruk. Restriksjonar på skog som inngår i snøskredsikring.
Naturmangfold vurderingar	Må vere tema i planarbeidet.
Kulturlandskap og kulturminne	Må vere tema i planarbeidet.
Beredskapsmessige vurderingar/ROS-analyse	<p>Sjekkliste for risiko- og sårbarheit må gåast gjennom frå forslagsstillar.</p> <p>Faremoment som måtte gå fram av sjekkliste må verta vurdert nærmare.</p>
Born/unge, eldre, og dei funksjonshemma si interesse	<p>Jf. statlege retningsliner på desse felta.</p> <p>Ta kontakt med kommunen sin koordinator for ivaretaking av barn og unge sine interesser; Line Homberset.</p> <p>Flytting av o_BLK2 til betre eigna areal må avklarast med koordinator.</p>

Veg- og tekniske tilhøve/trafikkavvikling/transport	<p>Bør ta inn bom øvst i Fjellvegen – er regulert til gang/sykkelveg.</p> <p>Snuhammar i enden av o_SKV2 skal vendast mot nord. Endra arealbruken fra annan vegareal til sti/turdrag og utvide tilgrensande tomter. Vurdere endring også for snuhammar i o_SKV3.</p> <p>Innspel fra Veg og Park om å vurdere å endre o_SKV3 til felles veg jf. vedtak om at det må vere meir enn 10 bustader tilknytt ein veg før den kan bli overtatt som offentleg veg.</p> <p>Må ta med i føresegn at allmenta sin tilgang til friområde sikrast.</p> <p>Snuhammar må ha 10 meter lengde + veg.</p> <p>Vatn, avløp og overvatn: Må omtale eventuelle avvik fra krav og føringar i KDP og Samfunnsdelen.</p>
Støy	Det er utarbeidd støyrappor i 2022– Må leggast inn tiltak i samsvar med rapporten.
Estetisk utforming og omsyn til omgjevnadane.	Vidareføre som i eksisterande plan.
Trong for utbyggingsavtale	Sjå på formulering i planen og sjå om det må endrast.
Særskilt trong for medverknadsprosessar	Innvolvere skogeigarar i planprosessen.
Anna	Føresegner må følgje nasjonal mal.

Konsekvensutgreiing/planprogram

Krav om konsekvensutgreiing/planprogram	
---	--

Ikkje krav om konsekvensutgreiing/planprogram	Ikkje KU.
---	-----------

Kart

Planframstilling vil vere som digitalisert plankart (SOSI-standard). Om krav til innhald, utforming, format m.m sjå forskrift om kart, stadfesta informasjon og arealføremål.

Framdrift*

Planlagt dato for varsling/høyring av planprogram	4 vekers høyningsfrist ved varsel om planoppstart – kommunen sender over oversikt over aktuelle høyningspartar ut over liste i planinitiativet. Planinitiativet må oppdaterast og sendast til kommunen for sjekk, før varsling av planoppstart.
Planlagt dato for sending av planforslag til kommunen	Planforslag over ferien.
Fyrstegongs handsaming i fast utval for plansaker	<i>Kommunen vil følgja gjeldande fristar i sakshandsaminga, dvs fyrstegongs handsaming innan 12 veker frå ferdig planforslag er motteke .</i>
Offentleg ettersyn	
Andregongs handsaming i fast utval for plansaker	
Endeleg planvedtak i kommunestyret	

* Skissa ovanfor viser ideell framdrift. Forskrift om sakshandsamingstid skal uansett overhaldast.

Plangebyr

Handsaming av planforslag vert gebyrlagt i samsvar med kommunen sitt avgiftsregulativ/Fakturagrunnlag i samsvar med avgiftsregulativ utdelt i møte.

Atterhald

Det vert gjort merksam på at førehandskonferansen har karakter som gjensidig orientering og at han ikke gjev nokon av partane rettar i den seinare sakshandsaminga. Naboprotester, utsegner fra offentlege styresmakter og politiske vedtak mv. vil kunne føre til krav om endring av prosjektet, forlenga sakshandsamingstid og endring av sakshandsamingsprosess.

Med helsing

Heidi Istad
planleggar

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikke signatur

Kopi til
Edvin Løfoll
Kjetil Årøen
Lars Fjærvold

Vedlegg
Sjekkliste_tekniske_krav_regplan